

Omtaler av årets ord 2024

beredskapsvenn

Årets ord 2024 er *beredskapsvenn*. Urolige tider gjør at vi nå må ta den såkalte egenberedskapen, altså husholdningenes beredskap, mer alvorlig enn vi har gjort på lenge. Myndighetene har kommet med nye råd om hva folk bør ha hjemme for å klare seg i tilfelle krise, og et av dem er å skaffe seg en beredskapsvenn. En beredskapsvenn kan for eksempel være en nabo som har plass til et felles kriselager. Ordet *beredskap* forbinder vi med noe alvorstungt, mens *venn* kan knyttes til noe som er nært og kjært. I *beredskapsvenn* får vi disse forestillingene i ett og same ord. Årets ord 2024 minner oss om at vi står sterkere sammen enn hver for oss.

beredskapsvenn

Årets ord 2024 er *beredskapsvenn*. Urolege tider gjer at vi no må ta den såkalla eigenberedskapen, altså beredskapen til hushaldningane, meir alvorleg enn vi har gjort på lenge. Styresmaktene har komme med nye råd om kva folk bør ha heime for å klare seg i tilfelle krise, og eit av dei er å skaffe seg ein beredskapsvenn. Ein beredskapsvenn kan til dømes vere ein nabo som har plass til eit felles kriselager. Ordet *beredskap* forbind vi med noko alvorstungt, mens *venn* kan knytast til noko som er nært og kjært. I *beredskapsvenn* får vi desse førestillingane i eitt og same ord. Årets ord 2024 minner oss om at vi står sterkare saman enn kvar for oss.

tekstlikhet

Ordet *tekstlikhet* er ikke helt nytt, men bruken av ordet fikk i 2024 et kraftig oppsving da profilerte politikere ble beskyldt for plagiat i masteroppgavene sine. Tekstlikhet vil si at en tekst ligner på eller er helt lik en annen tekst, uten at det eksplisitt blir vist til originalteksten. Den slags blir ikke akseptert i akademiske arbeider og annen tekst som skal publiseres. Tekstlikhet ventes å bli et enda større problem etter hvert som det blir vanligere å bruke KI-generert tekst.

tekstlikskap

Ordet *tekstlikskap* er ikkje heilt nytt, men bruken av ordet fekk i 2024 eit kraftig oppsving da profilerte politikarar blei skulda for plagiat i masteroppgåvene sine. Tekstlikskap vil seie at ein tekst liknar på eller er heilt lik ein annan tekst, utan at det eksplisitt blir vist til originalteksten. Den slags blir ikkje akseptert i akademiske arbeid og annan tekst som skal

publiserast. Tekstlikskap er venta å bli eit enda større problem etter kvart som det blir vanlegare å bruke KI-generert tekst.

tinderifisert

2024 gav oss nyordet *tinderifisert*, et adjektiv avledet av navnet på deitingappen Tinder. Ordet beskriver en kultur som springer ut av sjekking på deitingapper. Det hevdes at noen få menn lett får tilgang til kvinner i en tinderifisert sexkultur, mens de fleste menn blir valgt bort. I året som har gått, ble ordet ofte brukt i likestillingsdebatten.

tinderifisert

2024 gav oss nyordet *tinderifisert*, eit adjektiv avleidd av namnet på deitingappen Tinder. Ordet beskriv ein kultur som spring ut av sjekking på deitingappar. Det blir hevda at nokre få menn lett får tilgang til kvinner i ein tinderifisert sexkultur, mens dei fleste menn blir valde bort. I året som har gått, blei ordet ofte brukt i likestillingsdebatten.

popkorngress

Trass i advarsler fra Mattilsynet har det i 2024 blitt en trend å så upoppet popkorn. Produktet er en prydblante som kalles *popkorngress*. Ordet er en sammenstilling av to ledd som vanligvis ikke opptre sammen, og det gir ordet et kreativt preg.

popkorngras

Trass i åtvaringar frå Mattilsynet har det i 2024 blitt ein trend å så upoppa popkorn. Produktet er ein prydblante som blir kalla *popkorngras*. Ordet er ei samanstilling av to ledd som til vanleg ikkje opptre saman, og det gir ordet eit kreativt preg.

dyphavsgruvedrift

På havbunnen fins det mineraler som er viktige for energiomstillingen, og det er mange som ønsker at det skal drives gruver der. Denne virksomheten kalles *dyphavsgruvedrift*. Da Stortinget i januar i år åpnet for gruvedrift på norsk sokkel, fikk norske myndigheter mye kritikk både nasjonalt og internasjonalt. Dyphavsgruvedrift er omstridt på grunn av miljøkonsekvensene, så ordet kan komme til å bli mye brukt i miljøordskiftet også i åra framover.

djuphavsgruvedrift

På havbotnen finst det mineral som er viktige for energiomstillinga, og det er mange som ønskjer at det skal drivast gruver der. Denne verksemda kallast *djuphavsgruvedrift*. Da

Stortinget i januar i år opna for gruvedrift på norsk sokkel, fekk norske styresmakter mykje kritikk både nasjonalt og internasjonalt. Djuphavsgruvedrift er omstridd på grunn av miljøkonsekvensane, så ordet kan komme til å bli mykje brukt i miljøordskiftet i åra framover òg.

tilkaringsindustri

Et retorisk kraftfullt ord av nyere dato er *tilkaringsindustri*. Det betegner virksomheter som blir beskyldt for å skaffe seg rikelig med offentlig støtte ved å knytte seg til noe staten mener er gode formål. Det blir hevdet at slike virksomheter ikke ville ha blitt til om det ikke var for utsiktene til å få statsstøtte, og at støtten er viktigere enn hensynet til forsvarlig drift.

Tilkaring (det å kare til seg) er også brukt som førsteledd i andre sammensetninger, som *tilkaringsvirksomhet* og *tilkaringsøkonomi*.

tilkaringsindustri

Eit retorisk kraftfullt ord av nyare dato er *tilkaringsindustri*. Det skildrar verksemder som blir skulda for å skaffe seg rikeleg med offentleg stønad ved å knyte seg til noko staten meiner er gode føremål. Det blir hevda at slike verksemder ikkje ville ha blitt til om det ikkje var for utsiktene til å få statsstønad, og at stønaden er viktigare enn omsynet til forsvarleg drift.

Tilkaring (det å kare til seg) er også brukt som førsteledd i andre samansetningar, som *tilkaringsverksemd* og *tilkaringsøkonomi*.

hundredagershoste

Hundredagershoste er et nokså nytt, folkelig navn på sykdommen kikhoste. Tilsvarende ord på engelsk er *100-day cough*. Både utbredelsen av sykdommen og det nye ordet har fått et kraftig oppsving i år. Som navnet tyder på, er det snakk om en langvarig sykdom.

Bokstavrimet kan være med på å fremme spredningen av ordet.

hundredagarshoste

Hundredagarshoste er eit nokså nytt, folkeleg namn på sjukdomen kikhoste. Tilsvarende ord på engelsk er *100-day-cough*. Både utbreiinga av sjukdommen og det nye ordet har fått eit kraftig oppsving i år. Som namnet tyder på, er det snakk om ein langvarig sjukdom.

Bokstavrimet kan vere med på å fremje spreinga av ordet.

exitskatt

Ordet *exitskatt* er en annen og mer fyndig betegnelse på utflyttingsskatt. Skatten omfatter personer som flytter til utlandet, og som har urealiserte gevinster på aksjer og andre

verdipapirer fra den tiden man har bodd i Norge. Ordet har blitt mye brukt i forbindelse med at mange rike nordmenn har flyttet til Sveits de siste åra.

exitskatt

Ordet *exitskatt* er ei anna og meir fyndig nemning på utflyttingsskatt. Skatten omfattar personar som flyttar til utlandet, og som har urealiserte gevinstar på aksjar og andre verdipapir frå den tida dei har budd i Noreg. Ordet har blitt mykje brukt i samband med at mange rike nordmenn har flytta til Sveits dei siste åra.

norsketarianer

En litt gøyale sammenstilling av ulike språklige elementer er *norsketarianer*. Ordet brukes om folk som helst holder seg til norskprodusert mat. En del av ordet *vegetarianer* er byttet ut med adjektivet *norsk*, og vi får det vi kaller et teleskopord. Å lage teleskopord regnes som en kreativ måte å fornye språket på.

norsketarianar

Ei litt gøyale samanstilling av ulike språklege element er *norsketarianar*. Ordet blir brukt om folk som helst held seg til norskprodusert mat. Ein del av ordet *vegetarianar* er bytt ut med adjektivet *norsk*, og vi får det vi kallar eit teleskopord. Å lage teleskopord blir rekna som ein kreativ måte å fornye språket på.

dragedrone

Utviklingen av militærteknologi har skutt fart på grunn av de mange og brutale krigene som pågår i verden for tida. 2024 har gitt oss ordet *dragedrone*, en drone som angriper fienden med brennende metall, omtrent som en ildsprutende drage.

drakedrone

Utviklinga av militærteknologi har skote fart på grunn av dei mange og brutale krigane som går føre seg i verda for tida. 2024 har gitt oss ordet *drakedrone*, ein drone som angrip fienden med brennande metall, om lag som ein eldsprutande drake.

Eksempler på ord som ikke nådde helt opp / døme på ord som ikkje nådde heilt opp:

kokaintsunami

Norge ser ut til å ha blitt et viktig innførslands for kokain som blir smuglet inn til Europa. Mye av kokainen kommer sjøveien fra Sør-Amerika til norske havner, og fenomenet har fått et slående billedlig uttrykk i ordet *kokaintsunami*.

kokaintsunami

Noreg ser ut til å ha blitt eit viktig innførslands for kokain som blir smugla inn til Europa. Mykje av kokainen kjem sjøvegen frå Sør-Amerika til norske hamner, og fenomenet har fått eit slåande biletleg uttrykk i ordet *kokaintsunami*.

kjøleferie

De unormalt høye temperaturene i Sør-Europa og andre deler av verden de siste åra har fått mange til å legge feriene sine til kjøligere områder, blant annet i Norge. På engelsk brukes teleskopordet *coolcation* om en slik ferie. På norsk har vi fått avløserordet *kjøleferie*.

kjøleferie

Dei unormalt høge temperaturane i Sør-Europa og andre delar av verda dei siste åra har fått mange til å leggje feriane sine til kjøligare område, blant anna i Noreg. På engelsk blir teleskopordet *coolcation* brukt om ein slik ferie. På norsk har vi fått avløysarordet *kjøleferie*.

klivare

Ordet *klivare* er et svensk slangord brukt om en person som mot betaling begår alvorlige voldshandlinger på oppdrag av et kriminelt nettverk. Ordet har kommet til Norge parallelt med at svenske gjengkriminelle har økt virksomheten sin her.

klivare

Ordet *klivare* er eit svensk slangord brukt om ein person som mot betaling utfører alvorlege valdshandlingar på oppdrag av eit kriminelt nettverk. Ordet har komme til Noreg parallelt med at svenske gjengkriminelle har auka verksemda si her.

kjønnsrâte

Kjønnsrâte er vinnerordet i en konkurranse utlyst av Studentsamskipnaden i Oslo for å finne et mer beskrivende navn på kjønnssykdommen gonoré. *Kjønnsrâte* er et eksempel på et kreativt resultat av aktivt og planmessig nyordsarbeid.

kjønnsrøte

Kjønnsrøte er vinnarordet i ein konkurranse utlyst av Studentsamskipnaden i Oslo for å finne eit meir beskrivande namn på kjønnsjukdommen gonoré. Det er eit døme på eit kreativt resultat av aktivt og planmessig nyordsarbeid.